



Arkivnummer
013

Vår referanse
946/2015/AB

Vår dato
19.5.2015

UTTALE TIL ENDRINGAR I MATRIKKELFORSKRIFTA M.M.

Jordskifterettane i Gulating og Gulating jordskifterett sender med dette inn ei felles uttale i samband med høyring av endringar i matrikkelforskrifta m.m.

Endring i matrikkelforskrifta §§ 19, 46 og 47.

§ 19: Til fjerde ledd: Slik regelen er foreslått, har ein tatt bort kravet om at "jordskifte krevd" skal fjernast når kommunen fører ei jordskiftesak i matrikkelen i samsvar med matrikkelforskrifta § 47 andre ledd. Forslaget frå arbeidsgruppa sikrar at "jordskifte krevd" vert fjerna. Vi meiner at regelverket må sikre dette. Dette kan gjerast med eit tillegg til § 47 andre ledd, sjå nedanfor i merknad til § 47.

Elles har vi ingen merknader til framlegget til § 19. Dette er ei forbetring av regelverket og nødvendige endringar i samband med ny jordskiftelov. Det vert ein forbetring av jordskifteprosessen at kommunane får frist på to veker til å føre endring i matrikkelen, når jordskifteretten skal vente på kommunen si føring for å fortsette jordskiftesaka. Det er ikkje realistisk å få til ein kortare frist.

§ 46: Ingen merknader til framlegget.

§ 47: Til andre ledd: Slik ordlyden i § 19 fjerde ledd er foreslått, er det ikkje noko krav om at "jordskifte krevd" skal fjernast når kommunen fører ei jordskiftesak i matrikkelen i samsvar med matrikkelforskrifta § 47 andre ledd. Vi meiner at regelverket må sikre dette. Dette kan gjerast med eit tillegg til § 47 andre ledd; "*Opplysningane etter § 46 skal fjernast når jordskifterettens avgjerd er ført.*"

Elles har vi ingen merknader til framlegget til § 47. Formuleringa i andre ledd er ei viktig endring. Det er viktig å sikre at kommunen fører dei deler av ei jordskiftesak som kan førast, sjølv om andre deler av saka ikkje kan førast. I merknaden til regelen er det også tatt med eit avsnitt som må behaldast og formidlast til kommunane: "*Kommunen kan ikkje sette andre vilkår enn det er hjemmel for i matrikkellova. Kommunen kan således ikkje krevje informasjon ut over det som er en del av saken jordskifteretten har til behandling. Kommunen vil for eksempel sjølv måtte sette hjelpeinjer utan at dette framgår direkte av dokumentasjonen frå retten.*". Dette avsnittet kan sikre at kommunane ikkje krev meire av



HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND JORDSKIFTERETT

jordskifteretten enn det jordskifteretten har heimel til å leve, ut frå disposisjonsprinsippet (partane sin rådighet over saka). Det er i denne samanheng viktig at Kartverket føl opp matrikkelforskrifta, og sikrar at føringsinstrukksen ikkje inneheld krav/skildringar som er i strid med matrikkelforskrifta. Det er også bra at det kjem fram i merknaden at jordskifteretten bør få høve til å rette tekniske manglar så langt dette er mogeleg.

Andre endringar i matrikkelforskrifta

§ 7 nytt åttande ledd: Vi har ingen merknad til å forskriftsfeste bruk av hjelpeelinjer. Utfordringa med slike linjer er at dei kan oppfattast som grenselinjer. I dagens matrikkel kan slike linjer synast med eigen type strek og farge, men for mange er det vanskeleg å få med seg forskjellen på fiktiv grense/hjelpeelinje og faktisk oppmålt/registrert grense. Det er viktig å kommunisere kjeldene og forskjellane ut til brukarane, slik at ingen innrettar seg etter ei fiktiv linje som om den er ei eigedomsgrense. Dette gjeld også andre programvareleverandører som presenterer data frå matrikkelen.

§ 27 nytt femte ledd: Dette er ei god endring for å få fullført matrikulering for eigedom som eksisterer, men som kan ha uklårt opphav.

Til dei andre endringane er der ingen merknader.

Uttale til andre tilhøve som kan betre informasjonsflyten mellom jordskifteretten og matrikkelstyresmakta.

Nytt brukstilfelle i matrikkelen "*Føring av jordskiftesak*":

Det synest som at dette er eit godt virkemiddel for å gjøre det enklare for kommunane å føre kompliserte jordskiftesaker. Det er viktig at Kartverket legg til rette for at føringane kan gjerast så greitt som mogeleg. Eit jordskifte kan innehalde kompliserte endringar av eigedommar. Ut frå kommunane sine forklaringar om korleis dei må føre kompliserte jordskiftesaker, er neverande brukstilfelle ikkje tilpassa kompliserte eigedomsendringar. Føringsinstruksen må endrast i samsvar med nytt brukstilfelle. Slik framlegget er laga, tar det omsyn til kva jordskifterettane kan leve av opplysningars, utan å gå utanfor disposisjonsprinsippet. Det er også bra å peike på korleis jordskifterettene bør rettleie partane for å gjøre matrikkelen meir truverdig, slik at bruken av hjelpeelinjer (fiktive grenser) vert redusert. Den eksisterande metoden for å føre jordskiftesaker, kan egne seg fortsett for grensegangssaker.

Informasjonsflyt mellom jordskiftedomstolenes saksbehandlingssystem og matrikkelen: Det bør etablerast automatiske rutinar der det er mogeleg. Når t.d. jordskifterettane registrerer ny sak på eigedom, eller endra partstilhøve, i sitt sakshandsamingssystem, bør dette i framtida kunne kome automatisk inn i matrikkelen som informasjon på aktuell eigedom. Det same kan kanskje gjelde når saka vert trekt av rekvirenten, nekta fremma eller avvist. Det bør halde at



HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND
JORDSKIFTERETT

opplysningane vert registrert ein stad ein gong. Dette er ikkje opplysningar som gjeld endring av grenser eller tilhøve som kommunen skal ha eiga sakshandsaming på.

Kva fungerer godt etter dagens praksis og kva kan bli betre:

Vi er positive til at Kartverket kan matrikkelføre jordskiftesaker på vegne av einskildkommunar. Vår erfaring er at nokre kommunar synes det er vanskeleg å føre einskilde jordskiftesaker, eller nedprioriterer å føre slike saker. Det eksisterer eit etterslep utover 6 veker på matrikkelføring av jordskiftesaker.

På vegne av jordskifterettane i Gulating og Gulating jordskifteoverrett

Audun Bruflat
Jordskiftedommar Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett